

Det Kongelige Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep.

0032 OSLO

## Høyring - forslag til regelverksendring for regulering av landbasert oppdrett

### 1. Samandrag

Fylkeskommunen fekk 10.12.2015 høyringsnotat frå Nærings- og fiskeridepartementet der det blir bede om innspel til forslag til endringar i regelverket for å legge til rette for landbasert oppdrett.

Høyringsnotatet føreslår følgjande endringar for regelverk for landbasert fiskeoppdrett

1. Implementering av ei ordning med løpande og vederlagsfri tildeling av landbaserte matfiskløyver til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure.
2. Det skal framleis tildelast eigne løyver til settefisk. Skillet mellom settefisk og matfisk når det gjeld vektavgrensing, vert føreslege oppheva. Settefisk vert føreslege definert ut frå livsstadia til fisken og formålet med produksjonen.
3. Som følgje av pkt. 1-2, vert ordninga med dispensasjon for å produsere stor smolt på land oppheva. Moglegheita for postsmolt-produksjon (stor smolt) vert oppretthalden som følgje av pkt. 1), og vert rekna som eit settefiskstadium i definisjon av settefisk.

I høyringsnotatet vert det vist til at landbasert oppdrett kan vere med på å utvikle ei bærekraftig akvakulturnæring både når det gjeld miljøomsyn, fiskehelse og fiskevelferd. Dersom ein lukkast med landbasert akvakultur som ein mellomfase kan dette føre til kortare omløpstid i flytande anlegg i sjø, redusert svinn og auka produksjon pr. sjøbasert løyve.

Vidare viser ein til at etablering av vederlagsfrie løyver til landbasert akvakultur legg til rette for teknologiutvikling og innovasjon, som dermed skal sikre at norsk laksenæring held fram med å vere konkurransedyktig, uavhengig av kva produksjonsteknologi ein nyttar. Forslaget er også tenkt å kunne gje marknadsmoglegheiter for leverandørnæringa.

Det må gjerast endringar i laksetildelingsforskrifta, akvakulturdriftsforskrifta og tildelingsforskrifta andre artar en laks, aure og regnbogeaure, som fylgje av forslaget.

### 2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune mottok 10.12.2015 høyringsnotat frå nærings- og fiskeridepartementet om innspel til forslag til endringar i regelverket for å legge til rette for landbasert oppdrett.

Høyringsfrist er 22.01.2016. Sidan hovudutval for Næring og kultur har møte først i februar 2016, vil hovudutvalet få ei orientering om saka i etterkant, og eventuelle merknader frå utvalet vert ettersendt.

Nærings- og fiskeridepartementet utnemnte 21.10. 2014 ei ekstern arbeidsgruppe som skulle sjå på rammene for landbasert oppdrett. Arbeidsgruppa leverte si innstilling 14.01.2015. Arbeidsgruppa føreslo å løpande tildele løyve for landbasert oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, utan at det vert teke vederlag. Dette vart følgt opp i *Meld. St. 16 (2014-2015) forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett.*

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Etablering av ordning med tildeling av løyve til landbasert akvakultur inneber at det må gjerast tilpassingar i regelverket. I dag er det berre mogleg å drive matfiskproduksjon av laks, aure og regnbogeaure på land ved å nytte matfiskkonsesjonar tildelt i sjø eller å søke om forskning og utviklingsløyve.

Det må gjerast endringar i laksetildelingsforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta som fylgje av forslaget. I hovudsak inneber dette at ein tek bort vektavgrensinga på 250 gram for settefisk og tek inn postsmolt i definisjonen av kva ein settefisk er. Vidare opnar for ein i regelverket for å tildele matfiskkonsesjon for laks, aure og regnbogeaure på land utan vederlag og avgrensing i tal konsesjonar.

Når ein søkjer om matfiskløyve på land søkjer ein om den mengde MTB (maksimalt tillate biomasse) ein ser føre seg å nytte. Treng ein meir MTB må ein søkje på nytt. Løyve til landbasert matfiskproduksjon kan ikkje overførast til sjø. For settefisk søkjer ein om det tal ein treng, slik som tidlegare, sidan det i utgangspunktet ikkje er avgrensing i tal settefisk pr. konsesjon.

Fylkeskommunen finn at endringane i regelverket ikkje vil få konsekvensar for sakshandsaminga. Vi har fleire aktørar som har ynskje om å starte opp med landbasert matfiskproduksjon i vårt fylke og forskriftsendringane vil gjere det enklare for desse selskapa å kome i gang med dette.

### **4. Konklusjon**

Fylkeskommunen finn det framtidsretta å opne for løpande tildeling av løyve til matfiskproduksjon av laks, aure og regnbogeaure på land. Dette vil stimulere til teknologiutvikling og auka innovasjon i næringa. Samstundes finn fylkeskommunen at dette vil legge til rette for ein berekraftig vekst i næringa fordi det kan korte ned livssyklusen i sjøfasen. Ein kan mellom anna bruke meir av biomassen i sjø til stor fisk og samstundes unngå luseproblem i den første delen av sjøfasen. Dette kan vere ein fordel ved både utsett av 0-årig haustsmolt og 1-årig vårsbolt.

Med helsing

Jan Heggheim  
Fylkesdirektør for næring

Frode Hovland  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*